

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Storstova
Dato:	27.05.2026
Tid:	Kl. 12:00 - 14:00

Følgjande medlem møtte

Astri Thorsen Landøy	AP
David Charles Matheson	AP
Frank Hatløy	H
Jan Arne Lilletofte	H
Marit Klausen	H
Ole André Klausen	H
Ruben Fedøy	H
Tormod Johansen Ådlandsvik	H
Åse Karin Helle Loftheim	H
Oddgunn Keilegavlen Grane	KRF
Frank Ask	SP
Kjell Kristian Carlsen	SP
Tormod Selvik	SP
Vilde Vårdal	SP
Alice Hestad Vie	SV
Anne Kari Iversen	SV
Gaute Losnegård	SV
Anja Grov Johnsen	UAVH
Arnt Henning Blom	V
Jostein Kåre Grane	V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Frode Andre Devig

Parti

H

Følgjande varamedlem møtte

Jorunn Stubseid

Parti

H

Merknader:

Offentleg spørjetid:**Spørsmål om drikkevatn i Grimelia v/ Gaute Losnegård:**

Eg har fått bekymringsmelding frå bebuarar og hyttefolk i Grimelia, der dei seier seg uroa for at sprenging av giftig masse frå sprengingsarbeid kan føre til ureining av drikkevatnet. Er dette noko

administrasjonen kjenner til og er det mulig å setje i verk tiltak mot slik ureining dersom det er tilfelle?

Svar: Kommunen er kjent med saka og har svara den ut. Saka er vidare sendt Statsforvaltaren for evt ytterlegare handsaming. Dei aktuelle massene er berg som inneheld t.d svovelkis og andre stadeigne mineralar.

Ved større massehandtering, avrenning eller forureina massar kan Statsforvalteren bli direkte ansvarleg myndigheit.

Spørsmål om ombygging av Røverompa barnehage v/ Ole Andre Klausen:

Kva er vurderinga bak å gjere ombygging i Røverompa barnehage utan å skifte tak?

Svar: Formannskapet hadde sak om tak i barnehagen oppe på møtet 27/4, og vedtok å skifte tak gjennom omdisponering av løyvde investeringsmidlar

Spørsmål om korps i Holmedal v/ Anne Kari Iversen

Er det slik at det er kommunen som betalar for dirigent for skulekorpset i Holmedal?

Svar: I Holmedal selger kulturskulen i HAF dirigenttjenester til det nyoppstarta korpset for barn. Vi selger ikkje tjenester til korpset for vaksne.

Nedanfor finn de informasjon om sal av dirigenttjenester til kor og korps i HAF. Kommunestyret fastset kvart år ein pris per time for sal av dirigent. Det er éin pris for kor og korps som hovudsakleg består av barn og unge, og éin pris for vaksne.

Prisar i 2026:

- Barn og unge: 530 kr per time
- Vaksne: 750 kr per time

Timesatsane inkluderer føre- og etterarbeid, på same måte som for lærarar i grunnskulen. Ein lærar i 100 % stilling arbeider 741 undervisningstimar per år. Kostnaden for kommunen er då over 1 000 kr per time, inkludert sosiale utgifter og arbeidsgjevaravgift. Dette betyr at kommunen subsidierer om lag:

- Omlag 50 % for barn og unge
- Omlag 25 % for vaksne

I tillegg subsidierer kommunen kostnader knytte til køyring og ekstra lønn knytt til arbeidstid etter kl. 17.00. Fram til no har kulturskulen også subsidiert alt av ekstra kostnad knytt til arbeid som ligg i helgar og på heilagdagar. Det er ein ekstra kostnad på mellom 70 og 80 kr pr time.

Frå og med hausten 2026 vil vi fakturere eit tillegg for timar som blir lagt til helgar og raude dagar.

Tillegget vil vere på om lag 70 kr per time. Døme:

- Ein konsert på søndag ettermiddag vil ha ein timesats på ca. 820 kr for vaksne, i staden for 750 kr.
- Timar på kvardagar elles i året har same sats som før.

Signering av protokollen

Til å skrive under og godkjenne møteprotokollen vart valde:

Alice H. Vie og Ruben Fedøy

Orienteringar:

Kommunen som eigar i selskap - powerpointpresentasjon for opplæring i eigarskap er meldt opp som ein referatsak i etterkant av møtet.

Møteleiar: Ole André Klausen
Møtesekretær: Loftheim, Sarah Louise

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
012/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/26	Godkjenning av protokoll
014/26	Referatsaker
015/26	1. tertial 2026
016/26	Finansreglement for Askvoll kommune
017/26	Korrigerings - gebyr oppretting av grunneigedom og festegrund
018/26	Kaivederlag - kommunal kai i Askvoll sentrum
019/26	Anbud vaskeritjenester 2026
020/26	Formannskapet si evaluering av den politiske organiseringa
021/26	Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort
022/26	Overordna beredskapsplan, administrativ del
023/26	Sunnfjord miljøverk - Handtering av kommunalt næringsavfall og slam

012/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 012/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

013/26: Godkjenning av protokoll

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 013/26 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

014/26: Referatsaker

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 014/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

015/26: 1. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapporten for 1. tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-4 første ledd og Status §5-4 andre ledd.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-5 første ledd og Status §5-5 andre ledd

18.05.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 053/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapporten for 1. tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-4 første ledd og Status §5-4 andre ledd.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-5 første ledd og Status §5-5 andre ledd

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 015/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapporten for 1. tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-4 første ledd og Status §5-4 andre ledd.

3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2026 slik det går fram av skjema Status §5-5 første ledd og Status §5-5 andre ledd

016/26: Finansreglement for Askvoll kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Finansreglement for Askvoll kommune vert vedteke slik det ligg føre

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 038/26 Vedtak:

Finansreglement for Askvoll kommune vert vedteke slik det ligg føre

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 016/26 Vedtak:

Finansreglement for Askvoll kommune vert vedteke slik det ligg føre

017/26: Korrigering - gebyr oppretting av grunneigedom og festegrunn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrunn 501 -2000m2 vert sett til kr 30 240,00

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 040/26 Vedtak:

Gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrunn 501 -2000m2 vert sett til kr 30 240,00

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 017/26 Vedtak:

Gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrunn 501 -2000m2 vert sett til kr 30 240,00

018/26: Kaivederlag - kommunal kai i Askvoll sentrum

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommunestyre vedtek å innføre vederlag for bruk av kai ved kommunalt kaianlegg på tidlegare ferjekai og Alden-kaia i Askvoll sentrum gjeldande frå juni 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre vederlag via «Vipps» der satsane vert sett slik:

- Bruk av kai 1-5 timar. Vederlag kr. 200,- eks. mva.
- Bruk kai 6 timer til eit døgn vederlag kr. 500,- eks. mva.

(Om båt vert liggande over eit døgn eksempelvis 28 timar må det betalast vederlag kr. 700,- eks. mva. Om liggetid vert på 30 timar må betalast vederlag kr. 1000,- eks. mva).

Administrasjonen skal komme med tilbakemelding til kommunestyret om erfaringar med vederlag for bruk av kai ved Askvoll sentrum innan desember 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme og gjennomføre avtale om vederlag (på årsbasis) for båtar/rederi/firma som i dag gjere bruk av kommunal eigde kaier i sitt daglege bruk.

27.05.2026 Komite næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Frå Komite NMT , foreslått av Ruben Fedøy, H

Askvoll kommunestyre vedtek å innføre vederlag for bruk av kai ved kommunale kaianlegg i Askvoll kommune gjeldande frå juni 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette system for vederlag.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette satsar for vederlag. Satsane bør vere samanliknbare med kaiar i nabokommunane.

Administrasjonen skal komme med tilbakemelding til kommunestyret om erfaringar, inntekter og kostnader med vederlag for bruk av kai ved Askvoll sentrum innan desember 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme og gjennomføre avtale om vederlag (på årsbasis) for båtar/rederi/firma som i dag gjere bruk av kommunal eigde kaier i sitt daglege bruk.

Det vart røysta over fellesframlegg frå komite for næring, miljø og teknikk:
Røysting - Samrøystes

PNT- 015/26 Vedtak:

Tilråding:

Askvoll kommunestyre vedtek å innføre vederlag for bruk av kai ved kommunale kaianlegg i Askvoll kommune gjeldande frå juni 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette system for vederlag.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette satsar for vederlag. Satsane bør vere samanliknbare med kaiar i nabokommunane.

Administrasjonen skal komme med tilbakemelding til kommunestyret om erfaringar, inntekter og kostnader med vederlag for bruk av kai ved Askvoll sentrum innan desember 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme og gjennomføre avtale om vederlag (på årsbasis) for båtar/rederi/firma som i dag gjere bruk av kommunal eigde kaier i sitt daglege bruk.

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Frå Komite NMT , foreslått av Ruben Fedøy, H

Askvoll kommunestyre vedtek å innføre vederlag for bruk av kai ved kommunale kaianlegg i Askvoll kommune gjeldande frå juni 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette system for vederlag.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette satsar for vederlag. Satsane bør vere samanliknbare med kaiar i nabokommunane.

Administrasjonen skal komme med tilbakemelding til kommunestyret om erfaringar, inntekter og kostnader med vederlag for bruk av kai i Askvoll kommune innan desember 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme og gjennomføre avtale om vederlag (på årsbasis) for båtar/rederi/firma som i dag gjere bruk av kommunalt eigde kaier i sitt daglege bruk.

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg satt opp mot endringsframlegg frå komite for næring, miljø og teknikk:

Kommunedirektøren: 0 røyster

Komite: 21 røyster

KOM- 018/26 Vedtak:

Askvoll kommunestyre vedtek å innføre vederlag for bruk av kai ved kommunale kaianlegg i Askvoll kommune gjeldande frå juni 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette system for vederlag.

Administrasjonen får fullmakt til å fastsette satsar for vederlag. Satsane bør vere samanliknbare med kaiar i nabokommunane.

Administrasjonen skal komme med tilbakemelding til kommunestyret om erfaringar, inntekter og kostnader med vederlag for bruk av kai i Askvoll kommune innan desember 2026.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme og gjennomføre avtale om vederlag (på årsbasis) for båtar/rederi/firma som i dag gjere bruk av kommunalt eigde kaier i sitt daglege bruk.

019/26: Anbud vaskeritenester 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune skal inngå i avtalen om vaskeritenester i regi av INSS.

Vaskeriet, med unntak av privattøy, vert avvikla frå den dato anbudet tek til å gjelde

27.05.2026 Komité helse og omsorg

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: , foreslått av Oddgunn Keilegavlen Grane, KRF

Askvoll kommune skal inngå i avtalen om vaskeritenester i regi av INSS.

Vaskeriet, med unntak av privattøy, vert avvikla frå den dato anbudet tek til å gjelde.

Tillegg:

Helse og omsorgskomiteen føreset at anbudet ikkje blir gjennomført dersom innsparinga ikkje er som skissert i saksutgreiinga.

Etter ynskje frå komiteen, kom kommunalsjef for helse- og omsorg Hilde Y. Halland til møtet for å svare på spørsmål.

Tilleggsframlegg:

Helse- og omsorgskomiteen føreset at anbudet ikkje blir gjennomført dersom innsparinga ikkje er som skissert i saksutgreiinga.

Røysting - samrøystes.

KHO- 009/26 Vedtak:

Tilråding:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert godkjent med eit endringsframlegg: Anbudet for vaskeritenester vert ikkje gjennomført dersom innsparinga ikkje er som skissert i saksutgreiinga.

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Komite for helse og omsorg , foreslått av Oddgunn Keilegavlen Grane, KRF
Anbudet for vaskeritenester vert ikkje gjennomført dersom innsparinga ikkje er som skissert i saksutgreiinga.

Komite for helse og omsorg trekker endringsframlegget
Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg - samrøystes vedteke

KOM- 019/26 Vedtak:

Askvoll kommune skal inngå i avtalen om vaskeritenester i regi av INSS.
Vaskeriet, med unntak av privattøy, vert avvikla frå den dato anbudet tek til å gjelde

020/26: Formannskapet si evaluering av den politiske organiseringa

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Utsettingsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H
Saka vert utsett

Røysting - samrøystes

FOR- 045/26 Vedtak:

Saka vert utsett

18.05.2026 Formannskapet

Handsaming:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret , foreslått av , .

1. Formannskapet ynskjer å vidareføre dagens komitemodell med større vekt på aktiv bruk av komiteane og tilføring av relevante saker
2. Formannskapet vurderer at det skal vere 21 medlemmar i kommunestyret i valperioden 2027-31

3. Formannskapet skal i same prosess vurdere korleis innsparingskravet knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027 kan realiserast.
 - a. Kutt i 2026:
 - i. Tilskot til politiske parti - 30 000
 - ii. Reise/Diett - 15 000
 - iii. Reduksjon i kommunestyremøte - 25 000
 - iv. Formannskapet sine løyvingar - 30 000
 - v. Kutt i faste godtgjersle frå 2027 (effekt allereie frå 2026)
4. Kommunestyret ber om at det vert fremja eiga sak om forskriftsendring om godtgjersle til politisk arbeid

Røysting over tal representantar i kommunestyret:

19 medlemmar: Tre røyster (Selvik, Johnsen, Loftheim)

21 medlemmar: Fire røyster (Matheson, Carlsen, Vie, Klausen)

Røysting over fellesframlegg - Samrøystes

FOR- 050/26 Vedtak:

1. Formannskapet ynskjer å vidareføre dagens komitemodell med større vekt på aktiv bruk av komiteane og tilføring av relevante saker
2. Formannskapet vurderer at det skal vere 21 medlemmar i kommunestyret i valperioden 2027-31
3. Formannskapet skal i same prosess vurdere korleis innsparingskravet knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027 kan realiserast.
 - a. Kutt i 2026:
 - i. Tilskot til politiske parti - 30 000
 - ii. Reise/Diett - 15 000
 - iii. Reduksjon i kommunestyremøte - 25 000
 - iv. Formannskapet sine løyvingar - 30 000
 - v. Kutt i faste godtgjersle frå 2027 (effekt allereie frå 2026)
4. Kommunestyret ber om at det vert fremja eiga sak om forskriftsendring om godtgjersle til politisk arbeid

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting over formannskapet sitt framlegg til vedtak: samrøystes vedteke

KOM- 020/26 Vedtak:

1. Vidareføre dagens komitemodell med større vekt på aktiv bruk av komiteane og tilføring av relevante saker
2. Det skal vere 21 medlemmar i kommunestyret i valperioden 2027-31
3. Følgjande kutt vert gjort knytt til folkevalde organ på 125 000 kroner i 2026 og 180 000 kroner årleg frå 2027:
 - a. Kutt i 2026:
 - i. Tilskot til politiske parti - 30 000
 - ii. Reise/Diett - 15 000
 - iii. Reduksjon i kommunestyremøte - 25 000
 - iv. Formannskapet sine løyvingar - 30 000

- v. Kutt i faste godtgjersle frå 2027 (effekt allereie frå 2026)
4. Kommunestyret ber om at det vert fremja eiga sak om forskriftsendring om godtgjersle til politisk arbeid

021/26: Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune vedtek Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Askvoll kommune, Vestland slik det ligg føre.

27.05.2026 Komité næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Røysting - Samrøystes

PNT- 014/26 Vedtak:

Tilråding:

Askvoll kommune vedtek Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Askvoll kommune, Vestland slik det ligg føre

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 021/26 Vedtak:

Askvoll kommune vedtek Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Askvoll kommune, Vestland slik det ligg føre.

022/26: Overordna beredskapsplan, administrativ del

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planen vert godkjend slik han ligg føre, med krav om vidare årleg revisjon og løpande oppfølging av læringspunkt frå øvingar og hendingar.

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 022/26 Vedtak:

Planen vert godkjend slik han ligg føre, med krav om vidare årleg revisjon og løpande oppfølging av læringspunkt frå øvingar og hendingar.

023/26: Sunnfjord miljøverk - Handtering av kommunalt næringsavfall og slam

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Askvoll kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3-2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar fell bort.

Det vert inngått ny tenestekontrakt mellom Askvoll kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Askvoll kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre.

Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil nye avtaler for kommunalt avfall er inngått. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 19.06.2025, jf. § 5".

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Anja Grov Johnsen stilte spørsmål om ugildskap, då ho er i styret i SUM. Ho vart kjend ugild, ingen møtte i hennar stad

Røysting - samrøystes

FOR- 041/26 Vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Askvoll kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3-2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar fell bort.

Det vert inngått ny tenestekontrakt mellom Askvoll kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Askvoll kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre.

Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil nye avtaler for kommunalt avfall er inngått. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 19.06.2025, jf. § 5".

27.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Anja Grov Johnsen ber kommunestyret om å vurdere habilitet i saka. Ho er i styret i SUM.

Kommunestyret vurderer at ho er ugild. Ingen stiller i hennar stad.

Røysting - samrøystes

KOM- 023/26 Vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Askvoll kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3-2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar fell bort.

Det vert inngått ny tenestekontrakt mellom Askvoll kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Askvoll kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre.

Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil nye avtaler for kommunalt avfall er inngått. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 19.06.2025, jf. § 5".